

# DDR og den raude terroren

Det austtyske regimet gav ikkje berre vesttyske terroristar ein fristad. Stasi visste tidleg meir om terroristane enn styresmaktene i vest, og medverka aktivt til at dei kunne halde fram med aksjonane sine, skriv ein dansk DDR-forskar i ei ny bok.

**Roald Helgheim**

[roald@dagogtid.no](mailto:roald@dagogtid.no)

Det var rett før den tyske samlinga i 1990 det vart avslørt at den austtyske tryggingstenesta hadde gjeve opphald og ny identitet til ti ettersøkte terroristar frå Rote Armee Fraktion (RAF), den leiande terroristorganisasjonen i Vest-Tyskland i sytti- og åttiåra. Dei ti kom til DDR i perioden 1980–82, og vart tekne godt vare på av Ministerium für Staatssicherheit (MfS), betre kjent som Stasi. Offisielt tok regimet i aust avstand frå terrorisme på eit ideologisk grunnlag. Ei underavdeling av MfS, Hauptabteilung XXII, hadde eit særskilt ansvar for å halde auge med den terroristiske faren og avhopparane frå vest.

## DDR-staten

Anne Sørensen arbeider ved Århus Universitet med DDR, med Stasi og terrorisme som emneområde. Ho viser i den nye boka *Stasi og den vesttyske terrorisme* at langt fleire enn dei ti avhopparane var involverte i hopehavet og ytte tenester for DDR.

– Det delte Tyskland var det mest synlege resultatet av den kalde krigen, og DDR fekk ein heilt særskild posisjon blant statane i Warszawapakta. Den austtyske staten som først fekk sete i FN i 1973, måtte slåst seg til ein likeverdig status, og følgde ikkje med i det oppbrotet som starta i dei andre austeuropeiske statane i åttiåra. Dei ville forsvare «den reelt eksisterande sosialismen». Ein kan også seie at siste verdskrig i røynda ikkje var ferdig før Tyskland var slått saman til éin stat att i 1990, seier Anne Sørensen.

– Den vesttyske terrorismen sprang ut av ei venstrerørsle som ville kjempe mot kapitalisme og imperialism. Hadde nokon av dei systemet i DDR som førebilete?

– I utgangspunktet nei. Venstresida i vest hadde nokre saker til felles med kommunistregima, som støtte til frigjeringsrørsler verda rundt og eit slags felles ideologisk tankegods. Men Rote Armee Fraktion såg på systemet i aust som ei forvitra form for sosialisme.

– Likevel gjekk mange i austtysk teneste, og nokre av dei vart i praksis agentar brukte i spionasje mot vest?

– Nokre vil seie at dei vart pressa, men på same måte som DDR hadde ei dobbelthaldning til terrorisme og gjekk i ein uheilag allianse med folk som trass i alt var mot systemet i vest, utvikla avhoppa RAF-folk noko av det same tvisynet. Mange hevda likevel at dei leverte opplysningar av liten verdi.

## Mot terror

Stasi-avdelinga HA XXII, som vart oppretta i 1975, fekk namnet «Terrorabwehr», og den viktigaste grunnen var Svart Septemberaksjonen under OL i München i 1972. I Stasi, som på det meste hadde over 90.000 tilsette i tillegg til 175.000 såkalla *Inoffizielle Mitarbeiter* (IM), var 30.000 sysselsette i etterretning retta mot vest. Infiltrasjonen i vesttyske institusjonar var omfattande. Ein kjende til hemmelege akter frå vesttysk terrorisme-etterforskning og hadde kopi av brev som dei innsette i Stammheimfengslet, mellom dei Ulrike Meinhof, Holger Meins og Jan Carl Raspe, midt på syttitalet skreiv til advokatane sine. Då industrimagnaten Hanns-Martin Schleyer vart bortført og drepen i 1977, var Stasi uvanleg godt informert om drøftingane i den vesttyske krisestaben, og visste at den vesttyske regjeringa ikkje ville utveksle Schleyer med fengsla terroristar. Og spionavsløringa av Willy Brandts høgre hand Günter Guillaume i 1974 hindra ikkje at informasjon frå SPD framleis strøymde inn i DDR.

### **Dobbelmoralen**

– Samstundes som det tyske regimet ideologisk var mot terrorisme som politisk verkemiddel, såg dei straks at reaksjonen til den vesttyske staten på terrorismen kunne utnyttast propagandistisk, seier Sørensen.

Markus Wolf, som døydde i november i fjor, var utanlandssjef for Stasi, og gav i 1972 ordre om at det skulle lagast ein rapport om «Baader-Meinhof-gruppa og den objektive funksjonen hennar i kampen dei vesttyske leiande krinsane fører mot alle demokratiske krefter». Etersom Vesten objektivt hadde «skulda» for terrorismen, var sosialistiske land forbundsfellane deira i den anti-imperialistiske kampen, og burde ha eit venskapleg samarbeid med RAF, heitte det i eit notat.

– Hovudintrykket er likevel at Stasi avviste eit ideologisk slektskap med dei vestlege terroristane. Grunnen var at terrorismen vart sedd på som eit trugsmål, ikkje berre mot

Vesten, men også mot DDR. Han var «uberekneleg, noko som også kan føre til farlege åtak på den reelt eksisterande sosialismen», heitte det.

### **– Kor mykje visste dei i Vest-Tyskland om DDR-kontaktane med RAF og andre terroristgrupper?**

– Somme seier at dei visste mykje. Eg trur ikkje det, men dei hadde sjølv sagt sine mistankar. Men det hende aldri at DDR gav opplysningar til vest som dei hadde fått frå RAF-folk og andre, seier Sørensen.

– Stasi-arkiva som handlar om dette, er opne. Opplysningane er spreidde på 12.000 sider, og det er lite systematikk i materialet. Det er eit puslespel å skaffe seg oversikt. Stasi hadde 25 underavdelingar, og ein reknar med at 30.000 personar hadde med etterretning mot vest å gjere, seier Anne Sørensen.

# Terror før og no

– Skilnaden mellom terrorismen til RAF og den internasjonale terrorismen slik vi ser han i dag, er ikkje så stor som somme vil ha det til, seier Anne Sørensen.

– Den raude terroren i Vest-Tyskland var målretta, retta mot einskilde representantar for det rådande systemet, men terroren til IRA, ETA og andre har råka like blindt som mykje av den terroren vi ser i dag. Og dei oppnår det same når det gjeld reaksjonar frå samfunnet, i form av strengare lover og annan justis. Om terroraksjonane har blitt meir spektakulære, er målet det same, seier Anne Sørensen.

### **Utstilling**

Dei vesttyske terroristane hadde aldri noka folkeleg støtte, men hadde ein viss sympati hos folk som reagerte på handsaminga av dei. Det har alltid kvilt eit mystiskromantisk skjær over Baader/Meinhof-gruppa, og terrorismen i Vest-Tyskland har vore emne for kulturelle fortolkingar gjennom film, utstillingar, teater og litteratur. Etterkomarar av terroristgenerasjonen har laga dokumentarar, og Felix Ensslin, son til Gudrun Ensslin, var i 2005 ein

av initiativtakarane til den store utstillinga Zur Vorstellung des Terrors. Die RAF.

– Utstillinga presenterer verk som på ulike måtar fortolkar og dokumenterer hendingane, og utløyste ein heftig debatt, seier Anne Sørensen.

Det kom sterke protestar særleg frå pårørande til terroroffera. Utgangspunktet til arrangørane har vore at RAF er ein del av den tyske samtidshistoria, og at diskusjonen tydeleg har vist behovet for ei slik utstilling.

Rote Armee Fraktion oppløyste seg sjølv gjennom ei fråsegn 23. april 1998. Den siste kjende aksjonen var i 1993. Det var den 71. fråsegna organisasjonen sende ut. Den første kom 5. juni 1970, etter ein aksjon der Andreas Baader vart frigjord frå fengslet.

– Det sit framleis nokre få RAF-fangar fangar i fengsel, og det er ein diskusjon i media om dei skal få amnesti. I dag tek dei fleste som var med, avstand frå terrorismen. For meg har det vore viktig å sjå saka i eit kald-krigsperspektiv. Tyskland har vore det politiske og geografiske sentrumet for den kalde krigen, og DDR var eit spesielt land i Aust-Europa. Dette er omstende som gjer studiet av Stasi og terrorismen særleg interessant, seier Anne Sørensen.

# Dei ti avhopperane

Hausten 1979 sat åtte tidlegare RAF-medlemmer isolert i eit husvære i Paris. Av ulike grunnar hadde dei bestemt seg for å gå ut av gruppa.

Ei sterkt medverkande årsak for mange var at ei tilfeldig forbipasserande kvinne vart drepen under eit RAF-ran av ein bank i Sveits.

Sommaren 1980 fekk dei beskjed om å reise med falske pass til Praha. Tre RAF-medlemmer hadde vore i DDR på førehand, og 6. juni 1980 kom Susanne Albrecht, Werner Lotze, Ekkehard Seckendorff von Gudent, Christine Dümlein, Monika Helbing, Silke Maier-Witt, Sigrid Sternebeck og Ralf-Bapist Friedrich til DDR. Inge Viett og Henning Beer kom i 1982. Alle fekk opphald og vart utstyrde med nye namn.

Av desse var Silke Maier-Witt ei av dei mest ettersøkte. Ho slo seg ned i Erfurt under namnet Angelika Gerlach, der ho arbeidde som sjukepleiar, og vart utstyrd med ein fiktiv biografi. Då jorda byrja å brenne under henne, tok ho ein kosmetisk operasjon og endra namn til Sylvia Beyer. Ho gjekk så opp i sitt nye liv at ho vart medlem av partiet, og vart verva som IM for Stasi under dekknamnet Anja Weber. Alle dei ti avhopperane vart funne og arresterte i 1990, rett før underskrivinga av gjenforeiningstraktaten mellom DDR og BRD. Maier-Witt fekk ti års fengsel, men vart sett fri i 1995. Ho arbeider no i Forbundsdagen.

## Storinformanten

Silke Maier-Witt er ein av personane med bakgrunn i RAF eller «2.-juni-rørsla», som Anne Sørensen nøyte har gått opp spora etter. (2.-juni-rørsla vart opphavleg skipa til minne om Benny Ohnesorg, som vart drepen under ein demonstrasjon mot vitjinga til sjahen av Iran i Vest-Tyskland i 1967, og vart seinare ein del av RAF.) Dei aksjonistane folk flest kjenner til, er Andreas Baader, Gudrun Ensslin, Jan Carl Raspe og Ulrike Meinhof. Dei døydde alle i det spesialbygde Stammheim-fengslet, Ulrike Meinhof i 1976, dei tre andre i 1977. Men kven var til dømes Michael Baumann?

I 1973 dukka han opp i DDR etter å ha blitt oppdaga på eit internasjonalt tog på grensa mellom Tsjekkia og DDR. Han var medlem av 2.-juni-rørsla og hadde eit omfattande kontaktnett i vest. Han vart forhøyrd av styresmaktene i DDR i fleire dagar, og i Stasi-arkivet er det eit kartotek der Baumann har skrive biografiar om rundt 100 personar.

Han fortalde detaljert om våpenarsenala til terroristane, om finansiering og anna, og må ha vore ein av dei viktigaste informantane både om RAF og resten av venstresida i vest. Han vart utvist frå DDR i desember 1973, vart seinare fengsla i London i 1981 og sat inne i fem år. Han bur i dag i tidlegare Aust-Berlin. Till Meyer deltok i gisseltakinga av CDU-politikar Peter Lorentz i 1975. Han vart først fengsla og dømd i 1978, men vart fridd frå Moabit-fengselet i Vest-Berlin. Han var eitt av fleire døme på folk som offisielt var uønskte i aust, men som likevel vart brukte som informantar. Han vart funnen og fengsla på ny i 1979, men sleppt fri i 1986. I dag lever han som frilansjournalist.

Brigitte Heinrich alias Bate Schäfer var med i støttemiljøet til RAF og vart arrestert for å hjelpt til med transport. Ho vart oppmoda av Stasi til å stille til Europaparlamentet for Dei Grøne, og vart vald i 1984. Ho døydde i 1987.

## Opplæring

RAF-folk fekk ikkje opplæring i våpenbruk i DDR, men Schönefeld-flyplassen i Aust-Berlin fungerte som transittstad for folk i mang slags ærend. Etter frigjeringa av Andreas Baader frå fengslet i 1970 reiste 20 RAFmedlemmer derifrå på flukt til Jordan, der dei fekk trening i våpenbruk og organisering i ein Fatahleir. Mellom dei var Ulrike Meinhof og Horst Mahler, advokaten som sjølv vart RAF-medlem. Fleire som reiste via Aust-Berlin, vart forhøyrde og sende vidare vestover. Alt på dette tidspunktet visste Stasi mykje meir om RAF enn styresmaktene i vest og medverka aktivt til at terroristane kunne halde fram med aksjonane sine.



















## Dringend gesuchte Terroristen 800 000 DM Belohnung

Im Zusammenhang mit dem

- dreifachen Mord an Generalbundesanwalt Bubeck und zwei seiner Begleiter am 7. 4. 1977 in Karlsruhe
- Mord an Jürgen Ponto am 30. 7. 1977 in Oberursel
- vierfachen Mord und der Entführung von Hanns-Martin Schleyer am 5. 9. 1977 in Köln
- Mord an Hanns-Martin Schleyer

werden gesucht:

 Marta, Hanna 11. 11. 1945 München, Bayern	 Susi, Susi 11. 11. 1945 München, Bayern	 Susi, Susi 11. 11. 1945 München, Bayern	 Susi, Susi 11. 11. 1945 München, Bayern
 Susi, Susi 11. 11. 1945 München, Bayern	 Susi, Susi 11. 11. 1945 München, Bayern	 Susi, Susi 11. 11. 1945 München, Bayern	 Susi, Susi 11. 11. 1945 München, Bayern
 Susi, Susi 11. 11. 1945 München, Bayern	 Susi, Susi 11. 11. 1945 München, Bayern	 Susi, Susi 11. 11. 1945 München, Bayern	 Susi, Susi 11. 11. 1945 München, Bayern
 Susi, Susi 11. 11. 1945 München, Bayern	 Susi, Susi 11. 11. 1945 München, Bayern	 Susi, Susi 11. 11. 1945 München, Bayern	 Susi, Susi 11. 11. 1945 München, Bayern

Plakat med ettersøkte terroristar etter bortføringa av Hanns Martin Schleyer i 1977. Stasi var godt informert og visste at den vesttyske regjeringa ikkje ville utveksle Schleyer med fengsla terroristar.